



Besteforeldrenes klimaaksjon
Postboks 10
5641 FUSA

Dato: 28.04.2014
Vår ref.: 2014/10847-37
Saksbehandlar: kjesigv
Dykkar ref.:

Dykkar referanse: Bjørghild des Bouvrie

Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak – Tilsegn om kr 10 000,- til Besteforeldrenes klimaaksjon – Turmarsj for klima Os - Bergen

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ovannemnde prosjekt datert 29.03.2014. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver **kr 10.000,-** til prosjektet frå budsjettet for lokale miljø- og klimatiltak 2014.

Beløpet blir overført til kontonummer: 1254.05.80535

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland: <http://www.hordaland.no/miljo>

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål: Vekkje engasjement for klimasaken blant barn og vaksne i Hordaland, og forståing for muligheitene som Grunnlovens miljøparagraf 110b byr i arbeidet for å bevare eit stabilt klima.

Enkel beskriving av prosjektet:

1. Utarbeide ei felles folder om Grunnlovens miljøparagraf.
2. Turmarsj langs hovedvegen mellom Os - Bergen. Turens tema er Grunnlovens miljøparagraf 110b.

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Bjørghild des Bouvrie

Planlagt slutt: 05.06.2014

3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnader

Totale kostnader	kr 20.000
Sum	kr 20.000

Godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune, klima- og miljøtiltak 2014	kr 10.000
Anna finansiering	kr 10.000
Sum	kr 20.000

4. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke. Når prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport med rekneskap til Hordaland fylkeskommune.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Kjetil Sigvaldsen, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Gudrun Mathisen
leiar

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.